

Orientering til våre kundar:

Auke i nettariffar for 2016.

NETTLEIGE

Som fylgje av auka pålegg frå myndigheita og store omleggingar i bransjen ser vi det som naudsynt å legge på nettariffen for 2016. Noko av dette er:

AMS (Avansert Måle System)

I løpet av dei neste 3 åra er alle nettselskap pålagt å setje opp tovegsmålarar hjå alle kundar. Dette medfører store investeringar i nye målarar. I tillegg kjem arbeid med klargjering og montering av desse, samt nye og omfattande dataprogram for innlesing og handtering av målardata. Dette medfører også store endringar i kundeinformasjonssystemet vårt. Med tovegsmålar slepp du å lese av målareren din. Den blir avlest automatisk.

NBS (Nordisk Balanseavrekning System)

Også i vårt balanseavrekningssystem er det store endringar som medfører auka kostnader. Endringa er lovpålagt og gjeld alle kraftselskap.

Vil du vite meir?

<http://www.statnett.no/Samfunnsoppdrag/vart-samfunnsoppdrag/Nettdrift-er-en-balansekunst/Hvordan-fungerevr-Kraftmarkedet/>

ELHUB

Elhub er ein del av den store omlegginga i bransjen.

NVE har pålagt Statnett å utvikle ei felles IKT-løysing (Elhub) for informasjonsutveksling mellom aktørane i kraftmarknaden. Løysinga skal leggje til rette for utveksling av måleverdiar og kundeinformasjon som blir brukt til avrekning og fakturering. Løysinga skal òg handtere leverandørskifte i sluttbrukarmarknaden.

Elhub skal setjast i drift i februar 2017 og medfører store kostnader for ny og endra programvare og migrering/ testing av data. Alle kundar/målarar for nett og kraftselskap skal registrerast i elhub.

Vil du vite meir om ELHUB? Sjå: <http://.elhub.no>

Auka tariffar frå Lyse Elnett


Lyse Elnett fakturerer Forsand Elverk KF for overføring av straum inn til Forsand. Dette blir berekna etter eit gjennomsnitt av maksimal effekt i 2 vintermånader. For 2016 er effektleddet auka med 24 %, noko som medfører store auka kostnader for Forsand Elverk KF.

Avgift til staten

Forbruksavgift til staten aukar mykje. Frå 01.01.2015 var denne avgifta 13,65 øre/kWh, frå 01.07.2015 blei den auka til 14,15 øre kWh. Frå 01.01.2016 er den igjen auka til **16,0 øre/kWh** (auke på 17,2 % frå 01.01.15)

Meirverdiavgift blir berekna med 25 %, også av forbruksavgifta.

Diagrammet visar kor mykje av nettleiga som går til staten i avgifter:



Prisen på nettleige for hushaldning har fram til nå vært på om lag same nivå som i 2010.

KRAFTPRIS

Kraftpris for 2016 er uendra med 30 øre/kWh inkl. MVA. Inkludert i kraftprisen er pris på elsertifikat etter elsertifikatordninga. Pris for elsertifikat aukar for kvart år. Inntil vidare har Forsand Elverk KF vald å la dette inngå i kraftprisen.

Forsand Elverk KF har som mål å holde kraftprisen fast (den kan likevel endrast gjennom året dersom dette vert naudsynt). For å samanlikne vår pris med andre kraftleverandørar er det mest rett å sjå på fastprisavtalar, og ikkje spotprisavtalar som varierer mykje gjennom året.

